



Villanger & Sønner AS
Kvassnesvegen 45
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7775 - 15/37523

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.12.2015

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 134/449 Hilland.

Kommunen viser til søknad om endring av løyve mottatt 04.11.2015. Endringa gjeld etablering av mur langs tomttegrensene. Det er søkt om dispensasjon frå regulert byggjegrænse og frå avstandskrav til kommunale VA-leidningar, jf VA-norma.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn lengdesnitt som viser muren i sin heilskap.
2. Det må gjerast greie for kva type mur som skal etablerast.
3. Tiltakshavar søkjer om ansvarsrett som sjølvbyggjar for utføring av. Det er ikkje samsvar mellom kven som er registrert som tiltakshavar og den som søkjer om ansvarsrett som sjølvbyggjar.
4. Det er ikkje søkt om ansvarsrett for prosjektering av muren.
5. Teknisk drift handsamar søknaden om dispensasjon frå avstandskrava i VA-norma. Det vert vist til eige skriv vedkomande manglar i denne søknaden.

Kommunen kan ikkje ta stilling til søknaden før nødvendig tilleggsdokumentasjon ligg føre. Vi ber om at tilleggsinformasjonen vert sendt inn samla innan 30.01.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert søknaden arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nathalie Hayes og Kjetil Losnegård Elsåsvegen 30 5912 SEIM

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS Kvassnesvegen 45 5914 ISDALSTØ